



MØTEPROTOKOLL

Utval: Eldrerådet
Møtedato: 09.11.2020
Møtetid: Kl. 10:00 - 12:00
Møtestad: Biblioteket

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Solveig Vassenden	Bl
Svein Verner Røseth	FrP
Solveig Sjursen	Pensjonistlaget
Karin Børdal Tveit	Pensjonistlaget
Terje Totland	

Møteleiar:	Solveig Vassenden
Møtesekretær:	Meline Heimdal Haugland

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, <dato>

Solveig Vassenden

Meline Heimdal Haugland
einingsleiar innbyggarservice

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
007/2020	20/928	Faste saker	
008/2020	20/15	Uttale til budsjett 2021	

SAKNR. 007/2020: Faste saker

09.11.2020 Eldrerådet:

Handsaming i møtet:

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Det var ingen merknader til møteinnkallinga eller saklista.

Merknader til protokollen frå førre møte:

Ingen merknader.

Orienteringssaker:

Rådgjevar for pleie og omsorg, Reidun Abotnes, informerte om velferdsteknologi og arbeid med demens i kommunen:

- Ein jobbar med å levera ut tryggleiksalarmar. Det er mange funksjonar/sensorar som kan koplast på tryggleiksalarmen, som t.d. fallsensor og sensor for epelepsianfall. Ein leiger alarmen, og det er frivillig å bruka den . Kostnaden vert bestemt av kommunestyret.
- Funksjonen kor heikehjelpen kan låsa opp dører med mobil er no i funksjon.
- Medisindispensere som «gjer beskjed» om å ta medisin er i bruk. Fungerar godt.
- Dete vert arbeida med demens blant anna gjennom reformen *Leva heile livet*.
- Samnanger er med i læringsnettverk som blant anna fokuserar på kor viktig det er at alle får same beskjed, frå t.d. ulike fastlegane.
- Det er ønskje om å få i gong nye tilbod i kommunen, som kafè for demente og pårørande, eller berre pårørande. Kanskje det er høve til å få til samarbeid eksisterande kafèar i kommunen.
- Det kjem ny nasjonal demensplan, truleg over nyttår.

Det skal koma ein rådgjevar over nyåret som skal ha ansvar for velferdsteknologi.

Håndbok i aldesvennlegelokalsamfunn

Etter avtale legg Meline brosjyrene om aldersvennlege samfunn i ekspedisjonen slik at Solveig kan henta desse.

ELD- 007/2020 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent. Referatsakar vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsakar vert tekne til orientering.

SAKNR. 008/2020: Uttale til budsjett 2021

09.11.2020 Eldrerådet:

Handsaming i møtet:

Fredag 06.11.20 meldte leiar i eldrerådet frå til sekretær om at innspela til budsjettarbeidet frå møte i eldrerådet 14.10.20 ikkje var kome med i saksframlegget til formannskapet og kommunestyret. I møtet informerte sekretær om at innspelet vil verta ettersendt.

I møtet vart følgjande innspel til Budsjett og økonomiplan 2021-2024 drøfta:

Vassmålarar, vassavgift og feieavgift:

Innspel til vedtak frå Terje Totland: Avgifter på kommunale tenester bør følga lønnsutviklinga/lønnsauka i samfunnet. Gjelder vannavgift- kloakk og feiaravgift.

Eige budsjett for eldreråde:

Drøfting i møtet om eige budsjett til eldrerådet. Sekretær informerte om at innspel om kr 10 000 til eige budsjett for edrerådet er tatt med i framlegg frå rådmann.

For høge kostnader for opphald på dagsenteret:

Alle er samd om at innsendt innspel om prisreduksjon på kr 90 er svært viktig. Felles framlegg til vedtak: Pris per person per dag vert redusert med kr 90. Visar til innspel om prisar på dagsenteret vedtatt i møte 14.10.20.

Kvilebenkar i kommunen:

Det må vera råd for folk å sette seg ned, både ute og inne. T.d. i butikkane, i park og etter veg. Felles innspel til vedtak: Kommunen må få fleire kvilebenkar. Visar til innspel om kvilebenkar vedtatt i møte 14.10.20.

ELD- 008/2020 Vedtak:

Eldrerådet visar til tidligare innspel til budsjettarbeidet i møta 03.09.20 og 14.10.20, og ønskjer å spissa følgjande:

- Avgifter på kommunale tenester bør følga lønnsutviklinga/lønnsauka i samfunnet. Gjelder vannavgift- kloakk og feiaravgift. Visar til innspel vedtatt i møte 03.09.20.
- Kostnaden for opphald på dagsenteret er for høg. Pris per person per dag bør reduserast med kr 90. Visar til innspel vedtatt i møte 14.10.20.
- Kommunen må få fleire kvilebenkar. Visar til innspel om kvilebenkar vedtatt i møte 14.10.20.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.